

På ei pilgrimsreise for rettferd og fred – også til det heilage landet?

Av Olav Fykse Tveit, generalsekretær i Kirkenes Verdensråd

Då generalforsamlinga for Kirkenes Verdensråd i 2013 sa at vi inviterer alle menneske av kristen tru og alle av god vilje til å slå lag med oss på ei pilgrimsferd for rettferd og fred, var det fyrst og fremst meint som biletspråk på kva den økumeniske rørsla skal vere. Men det betyr ikkje at vi ikkje må tenkje og gjere noko konkret også. Difor inviterer KV kvart år til å markere Kyrkjeveka for fred og rettferd i Israel og Palestina.

Som truande kristne ber vi kvar dag «Lat riket ditt kome. Lat viljen din råde på jorda så som i himmelen.» Vi er saman, som kristne og kyrkjer, på ei ferd som alltid går gjennom denne verda slik ho er. Vi er stadig på veg mot det vi vonar skal vere Guds rike og at dei verdiar som høyrer Guds rike til skal gjere seg gjeldande i det livet vi lever saman i denne verda. Vår bøn er at den fred og den rettferd Gud gjev oss, også skal prege det liv vi skal leve saman som menneske. Då må vi vere opne for at vi må flytte oss og vårt fokus dit det er aller mest bruk for å stå saman med dei som kjempar for rettferd og fred.

Difor har Kirkenes Verdensråd lenge tatt opp den uløyste konflikten i Israel og Palestina som tema for vårt felles fredsarbeid og som utfordring til kyrkjene rundt om kring i verda. Mange kyrkjer har kjent til situasjonen i Israel og Palestina mest ut frå perspektivet at staten Israel skulle gje jødar ein trygg heim, ikkje minst etter folkemordet på jødar under nazistane sine herjingar før og under 2. verdskrigen. Stundom og i visse krinsar har dette legitime og viktig formålet vorte kombinert med visse tolkingar av bibelske tekstar slik at ein har akseptert at det kunne skje sjølv om det vart på ein svært destruktiv måte med dramatiske konsekvensar for dei som alt budde der (krig, okkupasjon, flyktingeleirar, brot på menneskerettar m.m.).

Stoda i dag er ein uløyst konflikt, med jamleg bruk av vald på den eine eller andre måten, men med svært ulik makt og posisjon for Israel og Palestina (den eine er okkupant, den andre er underlagt okkupasjon). Det er ei viktig oppgåve å gje reell støtte til dei i Israel og Palestina som er viljuge til å prioritere ei rettferdig og fredeleg løysing på forholdet mellom dei to partane.

Kirkenes Verdensråd har spesielt bedt kyrkjene i verda vere merksame på kva slags situasjon kyrkjene der lever under, særleg fordi dei fleste er palestinarar og difor lir under den situasjonen det palestinske folket opplever med okkupasjon, store begrensningar på deira fridom til å reise, til arbeid, til å utvikle deira eigen stat. Konsekvensen er at det vert mange kristne som forlét området for aldri å flytte attende. Om dei flytter frå Jerusalem, misser dei endå til retten til å kome attende for å bu der som palestinarar om dei er borte over lengre tid.

Difor har Kirkenes Verdensråd tatt initiativ til at det vert arrangert pilgrimsreiser i konkret forstand til Det heilage landet som gjer at ein får innsyn i mange sider ved den fastlåste konflikten. Det er også eit spesielt program for ledsagarar å vere der i 3 månader (EAPPI). Mange frå Noreg har vore med på dette programmet, og funne det svært meiningsfullt. Det gir høve til å sjå korleis livet er, ikkje minst på Vestbreidda, og å vise solidaritet med barn og vaksne og eldre som skal leve med følgjene av okkupasjon og manglande fredsavtalar.

På mine mange besøk til Israel og Palestina, og i samtalar med jødar, kristne og muslimar verda over, kjem det stadig opp spørsmål om korleis ein kan bidra til ein rettferdig fred for Israel og Palestina. Det synest å vere ei aukande felles oppfatning at denne uløyste konflikten er både skadeleg for dei som bur der, for dei som skulle budde der, men som har flykta eller emigrert frivillig frå dette området, og for andre som lever i ulike konflikhtar i verda.

Det er ikkje til å kome utanom at konflikten er spesielt komplisert fordi det vert av ein del oppfatta som eit eksempel på korleis det «kristne» Vest støttar ei permanent undertrykking av eit folk i Sør, der dei fleste er muslimar. Sjølv om det ikkje er ein religiøs konflikt i og for seg, kjem ein ikkje utanom at religion og religiøse tema spelar ei vesentleg rolle i både konkrete uløyste problemstillingar (særleg i Jerusalem), og i haldningar og i tolkingar av situasjonen. På den andre sida er det viktig å få fram at t.d. KV sin kritikk av Israel sin okkupasjonspolitik og svært hardhendte inngrep t.d. i Gaza i dei siste åra, ikkje er ein kritikk av jødar eller jødedom generelt eller uttrykk for anti-jødiske haldningar.

Difor er det svært vesentleg å spørje korleis ein kan stå saman med alle menneske av god vilje, uansett religion eller politisk ståstad, for å støtte ei utvikling som både byggjer på sann informasjon om det som skjer og vilje til å fremje både rettferd og fred.

På denne bakgrunn er det viktig at kristne i Noreg og kyrkjelydar i Den norske kyrkja jamleg arbeider med desse spørsmåla ut frå vårt kall til å vere menneske som søker rettferd og fred. Fordi dette også omhandlar kristne og kyrkjer i deira framtid i det området som er utgangspunktet for vår tru og religion, angår dette oss på mange vis. Vi treng å vite meir, vi treng å forstå meir, vi treng å drøfte meir, vi treng å gjere meir for fred og rettferd for alle som bur der.

Den årlege Kyrkjeveke for fred og rettferd i Palestina og Israel er eit viktig høve til å svare på desse utfordringane med ansvar og innsikt, med bøn og med arbeid for rettferd og fred.

«Lat viljen din råde på jorda så som i himmelen!»